



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for april 2008.

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Årgang 43

<http://www.hareid.rotary.no>



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Åge Nytun  
Visepres: Johan Ole Brandal  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Hans Gisle Holstad  
Styremedlem: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Ansv.red.: Oddvar Haugen  
Referent: Hallkjell Dahle

---

## Fødselsdagar i april.

Håkon Eidsvik	11. april
Arne G. Grimstad	11. april
Aud Grimstad	12. april
Bjørn H. Holstad	04. april
Håvard Myrene	01. april
Åge Nytun	06. april
John Stennes	03. april

## 100 % frammøte i april.

Johan Ole Brandal, Johs. J. Hareide, Jan Håvard  
Nytun, Aage Nytun, John Stennes, Trygve Riise.

## Frammøteprosent i april.

51,3 %

---

---

## APRIL.

Jeg velger meg april!  
I den det gamle faller,  
i den det ny får feste;  
det volder litt rabalder,-  
dog fred er ei det beste,  
men at man noe vil.

Jeg velger meg april,  
fordi den stormer, feier,  
fordi den smiler, smelter,  
fordi den evner eier,  
fordi den krefter velter,-  
i den blir somren till!

Bjørnstjerne Bjørnson

---

## **Mandag 7. april 2008**

### **Dugnad på Rotarystien**

17 personar møtte.

Arbeidet gjekk i hovudsak ut på å rydde og støype tilkomst til brua ved Grimstadvatnet.

## **Mandag 14. april 2008**

### **Besøk på Ivar Aasen-tunet**

*Ivar Aasen-tunet er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skrifkultur. Tunet ligg på garden der Ivar Aasen var fødd i 1813. Her er den gamle Aasen-bjørka, Aasen-bautaen, eit uteamfi som har vore stemneplass sidan 1880-åra og tre museum frå tre hundreår. Det spennende nybygget frå år 2000 er teikna av arkitekt Sverre Fehn. Her ligg det mykje mellom linjene som gjer tunet til den gode møtestaden.*

25 Rotaryanarar hadde tatt turen til Aasen-tunet,- dei fleste med ledsagar (fylgje). Innleiingsvis sessa folket seg i kafeteria'n og kjøpte seg kaffi og kaker og let praten gå rundt borda. President Åge orienterte om komande møter, og nemnde spesielt neste møte som var intercity møte på Kjeldsund tirsdag 22.april

Etter ei stund steig kveldens guide, Anne Tørudstab Mork (frå Hedmarken), fram på golvet og presenterte seg, ønskte dei besøkande velkomne- og ga ei orientering om programmet for besøket. På grunn av dårleg ver vart det ikkje besøk borte på gamletunet.

Første post var ein film på ca 22 minutt som viste ein kortversjon av livet til Ivar Aasen,- turane hans, arbeidet hans osv. Filmen vart vist i eit topp moderne auditorium.

Etterpå var det omvisning i utstillingane i "museums-avdelinga". Ei heilprofesjonell eksponering av Ivar Aasen-klenodier i veldig flotte lokaliteter.

Avslutningsvis takka programansvalige, Sverre Bjåstad, for ein interessant og givande kveld på Ivar Aasen-tunet,- eit anlegg vel verdt eit besøk.

#### ***Kortversjon av Ivar Aasen sin "CV"..***

- 1813 5.august Ivar Aasen blir fødd i Ørsta.
- 1816 mor døy
- 1825 første diktverket ein kjenner etter han, "En gudfryktig sjels bøn" vert til
- 1826 far døy
- 1831 Aasen vert omgangsskulelærer
- 1833 reiser til prost Thoresen i Herøy til opplæring. Her skriv han mange dikt og tek å lære tysk og latin.
- 1835 avviklar trulovinga til Berte Paulsdotter Vike, tenestejente hos Thoresen
- 1835 fer til kapt. Ludvig Daae på Solnør Gaard og vert huslærer for borna hans.
- 1836 skriv essayet "Om vaart skriftsprog" der han skisserer målreisingstanken sin
- 1837 byrjar med dei botaniske etterrøkjingane sine. Tek til å lære fransk.
- 1838 skriv målføregrammatikken "Det søndmørske Almuesprogs grammatikalske Indretning".
- 1839 lagar ferdig herbarium med 509 planter frå Sunnmøre.

- 1839 lagar samling med sunnmørske ordtak.
- 1841 kjem i kontakt med biskop Jacob Neumann i Bergen og Frederik M Bugge, preses det kgl norske Videnskabers Selskab i Tr.heim som begge er svært interessert i arbeidet til Ivar Aasen
- 1843 ei utstakt reiseverksemd rundt i landet tek til for gransking av mål og dialekter.
- 1847 busette seg i Oslo. Han måtte vere nær eit bibliotek.
- 1848 Det norske Folkesprogs Grammatikk kjem ut
- 1850 Ordbog over det norske Folkesprog kjem ut.
- 1853 Den første nynorske boka, Prøver af Landsmaalet i Norge kjem ut.
- 1855 Spelstykket Ervingen kjem ut. Grunnlag for den nynorske dramatikken
- 1858 Året for den store målstriden. Aasens maaltanke møter kompakt motstand
- 1862 Første året Aasen ikkje dreg på målferd.
- 1863 Diktsamlinga Symra kjem (med reviderte utgåver i 1867 og 1875.
- 1864 Norsk Grammatikk ligg ferdig
- 1873 Norsk Ordbog ferdig og utkomen
- 1878 Norsk Navnebog kjem ut
- 1883 Manuset til Dansk-Norsk Ordbog ligg ferdig, men kjem ikkje ut før i år 2000.
- 1890 Aasen vert sjuk med lungebrann i mai
- 1896 Aasen dør onsdag 23.september kl 0100. Gravlagd 29.september. Gravminnet står på Vår Frelzers Gravlund i Oslo

## **Tirsdag 22. april 2008**

### **Intercity møte på Kjeldsund.**

Rotarymøtet var denne gongen flytta til tysdag 22. april, då det skulle vere intercity møte på Kjeldsund, saman med Rotaryvener frå Ørsta, Herøy, Ulstein og Hareid.

Samværet starta med gode kaker og kaffi, før Jørgen Amdam, professor i kommunal og regional planlegging og administrasjon, slapp til med foredraget sitt. Det hadde tittelen "Søre Sunnmøre etter opninga av Eiksundsambandet".

Han tok for seg strukturen i regionen, samfunnsendingane og regionsutviklinga. Han kunne fortelje at regionen vår no var på størrelse med Ålesund, og serviceområdet på nivå med Kristiansund når vi tek med Ålesunds regionen. Han såg på Ørsta/ Volda som ein tvillingby og senter for indre region. Fosnavåg, Ulstein og Hareid vart då senter for ytre region, men Hareid då meir rekna som ein slags forstad til senteret.

Amdam snakka mellom mykje anna om spesialisering/ sentralisering av servicetilbod i staden for mange tilbod av same art rundt omkring i regionen, - og betydninga av dette. Han kom også inn på trenden som er blant dei unge, som reiser ut for å få seg utdanning. Desse blir gjerne borte ei tid, men kan kome tilbake til heimstaden om tilboda der er gode nok. Det blir no større fleksibilitet med omsyn til val av arbeidsplass på grunn gode kommunikasjonar og kortare (i tid) avstandar etter realiseringa av Eiksundsambandet.

Å stoppe utflytting blir ei av hovudutfordringane i regionen. Kan Eiksundsambandet bidra til å hindre/ redusere permanent utflytting? Kan kopling av privat og offentleg verksemd hjelpe, når det no er lettare å kome frå indre til ytre og omvendt? Blir det lettare å få velutdanna personar til å busetje seg? Skal ungdomen slå seg ned, krev

det at kommunane har relevante tilbod til dei,- til dømes byggeklare tomter, barnehage- og skuleplass, fritidstilbod osv.

Det viser seg at det er sentrumsområda i alle kommunar som har befolkningsvekst. Sysselsettinga aukar mest i indre region. Dette mykje på grunn av bruken av leigearbeidarar i ytre. Urbaniseringstendensen slår direkte ut på sysselsettinga i servicenæringane og i helse-sektoren, - og marknadsdrivne endringar (bu- og arbeidsmarknad, handel og service, og kommunikasjonar) blir gjerne mykje større enn venta. Politikkdrevne/ offentleg verksemd (kommune, fylke og stat) er også i endring. (Jfr NAV, samanslåing av politi- og legetenester).

John Stennes takka for flott innlegg og gav ordet til medlemmane. Det vart ei runde med spørsmål og kommentarar til dagens aktuelle og interessante tema.

Presidenten i Ørsta Rotary klubb, Brit Aanning Aarseth, takka for samværet og overrekte foredragshaldar, Jørgen Amdam, ei flaske champagne som takk for innsatsen.

Ref.: Aud Grimstad

## **Mandag 28.april 2008**

### **Programfritt møte på vanleg stad,- med nokre meldingar.**

President Åge orienterte innleiingsvis om innhaldet i mars Guvernøravis. Dette nummeret var ei temautgåve om ungdomsutveksling. Mellom anna inneheldt avisa både påskehelsing og eit stort og informativt reisebrev frå ”vår” ungdom i Australia, Ingrid Svendsen Holstad.

**Helsing frå Einar Arne Riise** på Costa del Sol. Kort rapport om Rotarymøta der nede. Han ser fram til å vere med på møta i Hareid Rotary Klubb frå mai.

### **Vimpel frå Rotaryklubb i Thailand v/ Bjørn Teigene**

Bjørn Teigene med ektefelle hadde vore på ferie, - og på besøk hos kjende,- i Pattaya-området i Thailand. Under opphaldet der hadde han vore på møte i den lokale Rotaryklubben. Møtet hadde vore noko ulikt det som vi praktiserer her.

Rotaryanarane møtte ein god halvtime før møtestart for forfriskninger og uformelt samvær,- så var det sjølve møtet,- og til slutt middag. Ganske omfattande, men svært triveleg opplegg. Bjørn fekk med seg ein vimpel frå Jomtien Pattaya Rotary Club, Thailand, som vart overrekt President Aage under møtet. (til ståande applaus frå salen).

### **Round Trip 2008 på Sunnmøre 8.-21. august. Orientering v/ John Stennes**

**8.aug.:** Ålesund Øst Rotary Club tek mot ungdomane på Vigra flyplass og er vertskap fram til 12 august. Gruppa består av 12 personar frå like mange land,- 6 jenter og 6 gutar.

**12.aug:** Ørsta Rotary Club tek over vertskapet.

**15.aug:** Reiser delvis ”under havet” til Ulsteinvik med Ulstein Rotary klubb som vertar.

**18.aug:** Hareid Rotary Klubb er ansvarleg for siste etappe av rundreisa på Sunnmøre. Programmet alle stadar vil dreie seg om sightseeing i dei respektive områda, bedriftsbesøk, museumsbesøk, turar på fjord og fjell m.m.. Privat innkvartering ordna av Rotary-klubbane.